



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterkt folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 7.800. Det er god kollektivtransport til/fra Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene komme er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidrarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meiningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimesig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

## Sjukepleiar - 100% vikariat

### Stillingsinformasjon

Arbeid 3.kvar helg. Dag og kveldsvakter. Vaktene er delt mellom kontoret på Vikebø og på Frekhaug.

### Kvalifikasjonskrav

Offentleg godkjent sjukepleiar.

Vi forventar at du har pasienten i fokus, har interesse for heimesjukepleie og dessutan evne til å arbeide sjølvstendig og i team. Vi ser etter ein sjukepleiar som trivst i eit hektisk miljø, og er open for nye utfordringar. Å arbeide ved begge kontora krev fleksibilitet, men vil og gi svært varierande oppgåver. Dessutan ynskjer vi deg som har godt humør, og som kan bidra til eit godt arbeidsmiljø.

### Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

Vi har rekrutteringsordningar for sjukepleiarar i vikariat. Sjukepleiarar kan få tilbod om kr 2000,- ekstra per mnd. så lenge vikariatet varer.

God pensjonsordning.

Faglege utfordringar og mulighet for å bidra til vidareutvikling av heimtenesta.

Arbeid i eit godt og stimulerande arbeidsmiljø.

Opplæring etter behov.

### Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

### Søknad vert å sende

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 26.05.2017

Utljyst dato 09.05.2017

Vårref

672/17

### Kontaktperson

Britt Hilde Romarheim, Leiar Meland heimetenester, tlf: 56171210, mobil: 994 97 611, britt.romarheim@meland.kommune.no